

## **Sak 9**

### **NY ORGANISERING AV AKSJESELSKAPET ARKITEKTAKADEMIET**

#### **Vedlegg:**

- Notat fra NLAs arbeidsgruppe vedr Arkitektakademiet, datert 16.2.2009

- Notat fra dagleg leiar til styret, datert 10.7.2008

NLA og NIL blei i juni 2008 invitert inn i ein prosess som NAL, AFAG og Arkitektbedriftene (AB) hadde sett i gang tidlegare med mål om å skipe ei arkitektfagleg etterutdanning med utspring i NAL Arkitektakademiet. Styret har handsama saka i fleire styremøte sidan august 2008. Som ein del av arbeidet, sette styret ned ei arbeidsgruppe for å få innspel frå medlemmer som både kjenner NLA og behovet for etterutdanning i ulike typar arbeidssituasjonar, slik som offentleg forvaltning og privat tenesteyting.

Styret meiner NLA bør delta i dette viktige samarbeidet om å skape eit godt og styrka tilbod om etterutdanning innanfor alle arkitektfaga. Samarbeidet er for viktig til ikkje å ta del i det. Likevel har det i arbeidet kome fram fleire forhold som styret ser seg nøydd å drøfte grundig med årsmøtet slik at vi kan kome fram til eit best mogleg grunnlag som tener både NLA og dei andre samarbeidspartnarane sine interesser.

#### **Forholdet til NLA sine kurs og arrangement**

NLA sine kurs er i dag sjølvfinansierande. Det vil seie at eventuelle overskot i kursa bidreg til å dekke dei administrasjonsutgiftene NLA har ved å arrangere kursa. Hausten 2008 arrangerte FAGUS og NLA seminaret ”Bærekraftig planeval”. Dette seminaret fekk svært mange deltakrar og skil seg positivt ut ved at det gav NLA og FAGUS eit netto overskot på ca kr 61 000,- til kvar.

I tillegg til kurs, bidreg fagdag og haustkonferanse til vesentlege inntekter til NLA. Slike arrangement vil ikkje inngå i samarbeidet. NLA vil difor ikkje tape desse inntektene.

Elles har styret fått avklart at den innsatsen administrasjonen i NLA yter Arkitektakademiet for å gjennomføre kurs, vil bli honorert etter medgått tid. Samla sett vil eit nytt etterutdanningstilbod oppnå ei større kontaktflate mot andre som søker kurs innanfor landskapsarkitekten sitt fagområde.

#### **Eigestruktur og økonomi**

Arbeidet med å skilje dette tilbodet ut som eige aksjeselskap, tok utgangspunkt i NAL Arkitektakademiet. Styret oppfattar situasjonen slik at skiljet mellom hovudaktivitetane til NAL og arkitektakademiet ikkje har vore tydeleg nok. Dermed har det vore mogleg for Arkitektakademiet å drive med underskot i fleire periodar, blant anna fordi det har kunne støtte seg på NAL sin likviditet.

Både for å styrke etterutdanninga og for å skape eit betre økonomisk fundament for NAL sine samla tilbod og oppgåver, har samarbeidspartnarane i dagens Arkitektakademi; NAL, AFAG og Arkitektbedriftene sett seg som mål å skilje ut akademiet som eige aksjeselskap.

Styret stiller seg derimot undrande til korleis aksjekapital blir knytt til overføring av ressursar, personell, verdi av kurs og namnet "Arkitektakademiet" for på den måten ikkje å belaste NAL sin likviditet. Dette fører til at aksjekapitalen blir sett urimeleg høgt. Signal styret har mottatt, tyder også på at initiativtakarane ikkje ser det som problematisk å bruke av eigenkapitalen den første tida, altså drive med underskot i nokre år. Dermed oppstår det ein vesentleg fare for at eigenkapitalen kan bli lågare enn aksjekapitalen, noko som kan gjere det vanskeleg å få eller oppretthalde avtale med kreditor om for eksempel kassakreditt. Ein slik kreditt kan vere naudsynt når aksjeselskapet ikkje kan støtte seg på likviditeten til ein eller fleire av eigarane. Den kan også redusere behovet for tilført driftstilskot, gitt at kostnadane ved å benytte seg av den er forsvarleg.

Denne tilnærminga understrekar at forholdet mellom Arkitektakademiet og NAL truleg kunne vore gripe heilt annleis an. For løysinga som er skissert, drøftar ikkje om og korleis eit nyskipa Arkitektakademiet AS kunne drive økonomisk meir forsvarleg. Korleis skal det nye aksjeselskapet drive med sunn økonomi allereie frå starten? Styret har for eksempel ikkje sett budsjett for første driftsår eller utkast til forretningsplan. Desse burde ligge til grunn når skipingsdokumenta skal utformast. Styret ser dermed faren for at eit nyskipa Arkitektakademiet AS kan arve dei problema NAL Arkitektakademiet har påført NAL som organisasjon.

### **NLA bør delta i samarbeidet**

Til tross for desse synspunkta, ser styret det som viktig at NLA deltar i samarbeidet og kjøper seg inn i eit nyskipa, arkitektfagleg etterutdanningstilbod. Utfordringa ligg i å danne eit godt grunnlag for eit reelt samarbeid som tilfredstiller alle partane sine interesser. Slik kan NLA styrke ønsket og viljen til at alle engasjerer seg like sterkt og på lik linje i samarbeidet. Difor ser styret det som viktig at nyskipinga tek utgangspunkt i NAL, NIL, NLA, AFAG og Arkitektbedriftene som *likeverdige* eigarar av kvar sin like store del av aksjekapitalen. Styret meiner difor at årsmøtet bør vedta at NLA kan delta i felles eigarskap dersom eigarane skyt inn like store delar i aksjekapitalen, og at NLA deltar i Generalforsamling og styret til det nye selskapet på lik linje med dei andre eigarane.

Eit nytt arkitektfagleg etterutdanningstilbod bør difor starte på ny frisk. Sjølv om utgreiinga tyder på at mange arkitektar verdset namnet "Arkitektakademiet" høgt, kan eit nytt samlande namn markere korleis dei ulike arkitektorganisasjonane går saman om eit felles etterutdanningstilbod som står like sterkt i alle arkitektfaga. Det bør difor skipast til ein konkurranse om namn, logo og designuttrykk då ein slik prosess og resultatet i seg sjølv viser eit arkitekturpolitisk standpunkt.

Hausten 2008 vedtok kommunalminister Magnhild Meltveit Kleppa ikkje lenger å nemne ut landskapsarkitekt til juryen for Statens byggeskikkspolis. NLA har protestert mot dette vedtaket. Dersom arkitektorganisasjonane inngår eit samarbeid som skissert over, vil det dermed også gi eit svært sterkt signal til regjeringa sitt arbeid med ein ny arkitekturpolitikk om at dei arkitektfaglege miljøa står saman, ikkje berre om eit felles etterutdanningstilbod, men også at god arkitektur femnar om produksjon av gode og levelege omgjevnader. Styret kunne valt å legge vekt på problema det ser i arbeidet med å skipe eit nytt arkitektfagleg etterutdanningstilbod. I staden vil det peike på dei fordelane som eit samarbeid skaper, og då ikkje minst

grunnlaget for ein ny organisasjon som kan tilby eit styrka etterutdanningstilbod også retta mot landskapsarkitektar. NLA har i dag ikkje kapasitet til å tilby eit meir omfattande og komplett kurstilbod. Eit nytt tilbod her, kan forbetra denne situasjonen vesentleg.

Ved å skissere løysingar til korleis tilboden om kurs og etterutdanning kan løysast til beste for alle partar, fremmar NLA ikkje berre sine eigne interesser, men også det styret meiner er felles arkitektfaglege interesser med NAL, NIL, AFAG og Arkitektbedriftene. Dette gjer det mogleg å skape ei god løysing der alle bidrar likt. Denne drøftinga dannar grunnlag for styret sine forslag til kva vedtak årsmøtet bør gjere i saka. På den måten kan NLA vonleg bidra til å skape eit nytt og betre arkitektfagleg etterutdanningstilbod. Styret viser òg til arbeidsgruppa sitt notat datert 16.02.2009.

***Forslag til vedtak:***

Styret anbefaler at NLA sitt årsmøte går inn i et samarbeid med de andre fagorganisasjonene om et felles etterutdanningstilbod innenfor arkitektfagene.

For at samarbeidet skal tjene alle parters interesser, anbefaler styret at årsmøtet stiller følgende krav til samarbeidet:

Eierskapet og forholdet mellom eierorganisasjonene

1. De fem fagorganisasjonene NAL, NLA, NIL, AFAG og Arkitektbedriftene skal eie hver sin like store del av den samlede aksjekapitalen.
2. Den samlede aksjekapitalen settes til lovens minste krav på kr 100 000. Eventuelt behov for en høyre aksjekapital skal dokumenteres.
3. Stifterorganisasjonene må tilstrebe en åpningsbalanse der egenkapitalen er høyere enn aksjekapitalen, slik at det nye selskapet ikke vil få problemer med å stille aksjekapital, for eksempel dersom långivere skulle stille spørsmål om dette.
4. For å sikre nødvendig egenkapital skal hver av organisasjonene tilføre et driftstilskudd fordelt etter medlemstall, slik at den samlede egenkapitalen danner et godt grunnlag for drift ved oppstart.
5. NLA skal til enhver tid være representert i generalforsamlingen og styret med lik tyngde som de andre eierne, jamfør kravet om lik fordeling av aksjekapital.
6. NLA ønsker at det dannes et nytt etterutdanningstilbod som ikke nødvendigvis arver navn og bemanning fra NALs Arkitektakademi. Et nytt navn kan også signalisere et spennende samarbeid der alle parter deltar på lik linje.

Økonomi første driftsår

7. Årsmøtet ber om at styret blir forelagt og godkjenner budsjett for første driftsår før styret beslutter å skyte inn aksjekapital i det nye selskapet.

